

FAGPERSONEN OTTAR BROX: FORMATIVE ÅR

Nils Aarsæther, UiT Norges arktiske universitet

Ottar Brox gjennomgjekk fleire fasar i si faglege utvikling. I dette kapittelet er det Brox sine formative år som blir framstilt og drøfta, frå barndom og oppvekst på Senja, via akademiske stillingar i Ås, Bergen og Tromsø, og fram til han i moden alder etablerte seg som forskar ved Norsk institutt for by- og regionforskning i Oslo, midt på 1980-talet.

Korleis blei fagpersonen Ottar Brox til, og kva slags faglegheit utvikla han i den første delen av eit langt liv som forskar, formidlar og debattant? Desse tilsynelatande enkle spørsmåla er det ikkje enkelt å svare på, av minst tre grunnar: For det første er det nesten uråd å skilje «fagpersonen» frå «mennesket» Ottar Brox. Mange av oss som i meir enn 50 år hadde Ottar Brox som læremeister og kollega, veit at Brox sitt engasjement handla om meir enn vitskaplege observasjonar og analysar. Formidlinga av resultata og gjennomslaga for arbeida hans var uløyeleg knytt opp mot hans personlege eigenskapar, som inspirator og med ei utstråling som ingen kunne bli upåverka av. Han kunne skape ei stemning det er vanskeleg å beskrive, men alle i rommet følte seg sett.

Det var heller ikkje slik at Ottar Brox sitt faglege virke gjekk føre seg i eit studerkammer eller innafor eit tett fellesskap av akademikarar, avsondra

frå daglegliv og politikk. Tvert imot: Ideane til forskingsprosjekta, sjølv forskinga og formidlinga av resultata var for Ottar Brox noko som gjekk føre seg i eit samspel med vener, familie, tidlegare sambygdingar, folk han treffe på i foreiningsliv og møteplassar, akademikarar og intellektuelle av alle slag, politikarar, aktivistar og byråkratar.

For det andre arbeidde og virka Brox på tvers av disiplinære, akademiske inndelingar. Sivilagronomen Brox kunne opptre og ytre seg med betydeleg autoritet på heilt andre fagfelt enn det han hadde sine akademiske gradar frå, ikkje for å invadere dei, men for å dra nytte av, bidra til og lære av enkeltfaga. Det er nyttelaust å spørje kor han «eigentleg» høyrde heime i det akademiske fagspekteret. Brox nytta kunnskap frå, og tilførte kunnskap til, samtlige samfunnsfag, inkludert samfunnsøkonomi og historie.

For det tredje insisterte Ottar Brox på at fag og forskning skulle vere til nytte. Han valde tema og utforma sine prosjekt slik at han kunne legge opp til ein overgang frå funn til handling – og reform. Då stoppa han ikkje opp når prosjektrapporten var sendt til trykking, eller den vitenskaplege artikkelen var antatt i tidsskriftet. No var det tid for å utfordre – ikkje berre formidle – i tråd med forskingsfunn og hypotesar, inn mot politikk og forvaltning. Resultatet av forskinga skulle tilby løysingsframlegg, og innsatsen i det offentlege ordsiftet var for Brox ei brekkstong for å utverke nytenking og endring.

Mange forskarar er varsame når funna går på tvers av gjengse oppfatningar og utfordrar økonomiske og politiske maktsentrum. Ikkje slik med Ottar Brox, han såg heilt bort frå at han kunne kome borti ømme tær eller skape uro i politiske miljø, departements- og reiarlagskrinsar. Når Brox såg det som eit mål å levere handlingsretta argumentasjon i samfunnsdebatten, bevegde han seg inn i eit grenseland mellom vitenskap og politisk aktivisme, særleg i dei mange kronikkane og dei populærvitenskaplege bidraga. Men han kunne greitt gi til kjenne at han var medlem av det dåverande SF (Sosialistisk Folkeparti) og endåtil stortingsrepresentant for SV i perioden 1973–1977. Men Brox var ingen superlojal partimedlem, han kunne argumentere mot partileiinga når dei etter hans syn var på ville vegar. Folk skulle vite kor han stod partipolitisk, men han insisterte på at dette ikkje var til hinder for at han kunne bringe fram fagleg underbygde argument i samfunnsdebatten. For mange kunne det verke som eit paradoks at han erklærte seg både som sosialist og som konservativ, men han argumenterte godt for det.¹

¹ Brox 1972a: 158.

Kort om metode og kjelder

Eg var sjølv blant dei som blei kjent med Ottar Brox først som student i Bergen og etter kvart som kollega ved Universitetet i Tromsø. For mange av oss starta kontakten med Brox tidleg på 1970-talet, og det skulle bli ein fagleg kontakt som varte heilt til den siste tida. Ottar Brox var i doktorgradskommisjonen min i 1986, og eg har arbeidd i professorstilling ved det studiet som Ottar Brox tok initiativet til, studiet med det lange, men sjølvforklarande namnet samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning. Dette studiet utvikla seg til å bli ei tverrfagleg planleggarutdanning ved Universitetet i Tromsø.² Ein langvarig relasjon med Ottar Brox har derfor sett sitt preg på korleis temaet Ottar Brox sin faglege utvikling er blitt behandla her. Andre som fagleg sett har følgd hans virke, vil nokså sikkert ha formulert seg annleis og kanskje vektlagd andre sider ved Brox sine talrike teoretiske og tematiske innsatsar. Ikkje så få har vore kritiske til Ottar Brox som forskar og fagperson, og dei ville nok langt meir enn dei mest ihuga «Broxianarar» ha peika på uklære resonnement og stilt spørsmål ved utvalet her og tolking av data. Sjølv om eg har forsøkt å ha fokus på det eg meiner er sentrale sider ved Brox si faglege utvikling, er det ein fare for at sider ved Brox sin innsats har blitt oversett. Den samla produksjonen hans var stor og tematisk spreidd, og han tok i bruk så mange publikasjonskanalar.

I ein tidleg fase av arbeidet med boka tenkte redaktørane at det ved hjelp av kunstig intelligens (KI) kunne bli generert ein oppdatert Brox-bibliografi. Det skulle vere teknisk mogleg å føreta ein førekomstanalyse som kunne gjere oss sikrare når det gjeld kva som har vore vesentlege tema gjennom Brox sitt langvarige virke. Men å utføre og kvalitetssikre dette viste seg å bli for arbeidskrevjande.³ Uansett korleis vi hadde lagt opp eit slikt arbeid, kunne vi ikkje sjå bort frå at gullkorn frå Brox kunne ligge gøymt i eit lesarinnlegg i ei eller anna ikkje-digitalisert lokalavis, for å sette det på spissen.

Så er dette kapittelet heller ikkje det første som omhandlar Ottar Brox si utvikling som fagperson. Til Ottar Brox sin 50-årsdag i 1982 blei det laga eit festskrift, *Folkemakt og regional utvikling*, redigert av kollegaer ved

² Om dette studiet si historie 1974–2024, sjå Aarsæther (red.) 2024.

³ Det er tidlegare laga to bibliografiar over Ottar Brox sin produksjon, i Nilsen mfl. (red.) 1982 og i Naustdalslid (red.) 2003. Men den omfattande faglege produksjonen etter 2002 er det ikkje laga eit oversyn over, det er ein produksjon som bl.a. omfattar fleire enn 200 aviskronikkar.

Universitetet i Tromsø.⁴ Likeins blei 70-årsdagen hans i 2002 markert ved eit festskrift utgitt ved Norsk institutt for by- og regionforskning.⁵ Sosio-
logen Lars Mjøset skreiv ei fyldig grunngiving for tildelinga av Norsk
sosiologforenings hederspris, som i 2003 blei tildelt Ottar Brox.⁶ Her
drøftar Mjøset inngåande korleis Brox oppsøkte og henta inspirasjon frå
ulike samfunnsfaglege miljø og på den måten utvikla si særeigne fagleg-
heit. Sosialantropologen Halvard Vike har bidratt med eit lengre intervju
med Ottar Brox i 2010, publisert i Norsk antropologisk tidsskrift.⁷ Det
siste, omfattande intervjuet med Ottar Brox blei føretatt av Hans Pedersen
og Nils Aarsæther våren 2022.⁸

Å fagleggjere oppvekst og ungdomstid: Brox og Senja

Når ein prøver å gi eit oversyn over ein akademikar si faglege utvikling, vil
eit naturleg startpunkt vere vedkomande sitt val av høgre utdanning og å
ta det derifrå. Men å starte med Ottar Brox sin inntreden som student på
Norges landbrukshøgskole på Ås ville vere eit feilgrep. Han kom så visst
ikkje tomhendt dit. Som andre studentar med bygdebakgrunn hadde han
erfaringar frå eit naturnært samfunns- og produksjonsliv. Inn i det akade-
miske livet ville nok dei fleste gå i gang med å «avlære seg» omgangs- og
tenkemåtar frå ein rural barndom og oppvekst. Kven av oss hugsar ikkje
fascinasjonen ved å nærast tre inn i det «profant heilage» når vi møtte ei
verd vi knapt visste fanst – i form av ærverdige bygningar, skarpskodde
forelesarar med globalt fokus, eit overveldande bibliotek, ein akademisk
bokhandel, nye venskap med studentar og, kanskje eksklusivt for oss
68-arar, invitasjon til å delta i eit politisk opprør! Nærast over natta skulle
mykje av det vi hadde med oss dit, bli devaluert og fortrengt. Det var NO
livet skulle starte: I academia skulle vi løfte blikket utover det lokale og
særeigne vi kom frå, finne dei store samanhengane, sjå oss sjølv som for-
tropp i fagutvikling, og for oss på samfunnsfag, stå i spissen for det som vi
no såg som ei særeigne tiltrengd samfunnsmessig omforming.

⁴ Nilsen mfl. (red.) 1982.

⁵ Naustdalslid (red.) 2003.

⁶ Mjøset 2017.

⁷ Vike 2010.

⁸ Pedersen og Aarsæther 2023.

Det å tilpasse seg var kanskje normaltilstanden for ungdom på «storby- og klassereise» til langt utpå 1960-talet. Men det gjaldt ikkje for Ottar Brox. Han skulle vise seg å bli ein pioner på dette med å utnytte sin bygdebakgrunn som utfordringsgrunnlag for ein ny type lokalt inspirert faglegheit, med front mot ein akademisk kultur som hadde plassert seg langt over og bortanfor vanlege folk sitt liv.

Ottar Brox var fødd og oppvaksen på Senja i Troms, nærare bestemt i bygda Medby i Torsken kommune. Mora, Hjørdis Brox, var lærar, faren var lærar, begge på skolen i Medby. Faren, Arthur Brox, var også ordførar og etter kvart lokalhistorikar. Den familiære, fysiske og sosiale konteksten frå Brox sin barndom og oppvekståra i eit fiskarbondesamfunn kom så avgjort til å bidra i forminga av han som fagperson. Det kan vi sjå gjennom hans hyppige bruk av Senja-samfunnet som referansepunkt når han analyserer samfunnsmessige utviklingstrekk. Men Ottar Brox sjølv var ikkje fødd inn i eit typisk fiskarbondeshushald. Det å vokse opp i eit fiskarbondesamfunn, men også i eit heimemiljø av utdanna foreldre, gav Ottar Brox eit unikt utgangspunkt. Nærleik til ein naturnær praksis som så godt som alle naboane deltok i, men også til ei rikhaldig bokhylle og lokalhistoriske fortellingar og politiske diskusjonar over kjøkkenbordet, må ha bidradd til å forme Ottar Brox på ein særeigen måte. Når Brox seinare ser tilbake på livet i heimbygda – og på andre stader langs kysten – så skjer det ikkje berre direkte, men også gjennom det analytiske blikket som han lærte av foreldra. Observasjonar av, og snakk om, korleis det gjekk med elevane seinare i livet, statistikk over fartøy, fisk og fødselar – Ottar Brox blei nok tidleg eksponert for bygdelæraren sin måte å betrakte den lokale og regionale konteksten på. I intervjuet med Halvard Vike seier Ottar Brox: «Både mor og han var preget av inspirasjonen frå Erling Kristvik og hans bøker og av plikten til å kombinere det å være lærer med viktige roller i lokalsamfunnet.»⁹

Kunnskap om det egalitære bygdesamfunnet – og vilkåra for å skape og vedlikehalde ein høg grad av likskap på samfunns- og nasjonsnivå – kom tidleg til å stå sentralt i Brox sitt faglege engasjement. Og Brox la ikkje skjul på at dette hadde sitt opphav i eigne oppveksterfaringar, i eit lokalsamfunn med «jamningar»: Her disponerte familiane jamt over små jordressursar, eit mindre antal husdyr og eit motorisert fiskefartøy – sjarken. Sjølvsaft var det også handelsfamiliar og eigarar av større fiskebåtar

⁹ Vike 2010: 57.

i bygda, men gjennomgåande var det eit samfunn av produktive hushald, av «sjølvstendige næringsdrivarar» (som ein kontrast til dei fiskevær der ein vøreigar var totalt dominerande). Terrenget langs kysten var slik at det ikkje gav grunnlag for å danne større, samanhengande jordeigedomar. Og lærarfamilien? Den hadde nok ei stabil, men høgst ordinær inntekt, i mange år fastsett av nøysame sambygdingar i kommunestyret.

Ein ting var egaliteten i denne typen samfunn. Men det at «alle» faktisk levde av sitt arbeid med det vi i dag kan oppfatte som ei skånsam utnytting av det lokale ressursgrunnlaget – dette kan ha vore bakgrunnen for Brox sin vedvarande interesse for økologien si betydning i, og for, menneskeleg praksis.

Måten Brox etter kvart lærte seg å drive fag på, gjennom forskning, undervisning, rettleiing og formidling, var altså tett innvevd i personlege (oppvekst)erfaringar. Men det å ha sin oppvekst i fiskeri- og småbrukarmiljøet sette ikkje berre spor: På eit tidspunkt må Brox ha forstått at erfaringane frå Senja kunne bli ein viktig ressurs å spele på, som råstoff for forskning på bygdesamfunn, for å forstå forholdet mellom sentrum og periferi og som grunnlag for eit distriktspolitisk engasjement.

Sivilagronomen møter sosialantropologien

Brox si ungdomstid starta med utdanning innafor det landbruksfaglege. Landbruksskolen på Gibostad (indre Senja) gav grunnlag for både sosial utvikling og vidareutvikling av ei djup økologisk forståing som han aldri gav slepp på. Når Ottar Brox etter å ha gjennomført gymnaset som privatist etter kvart kunne gå vidare på Norges landbrukshøgskole, utvida han kunnskapsgrunnlaget sitt, inspirert av lærarar og medstudentar innafor landbruksfag, økonomi og den vesle avdelinga for bygdesosiologi. Ottar Brox var aktiv i studentpolitikken på Ås. Saman med studiekameraten og den livslange venen Kåre Lunden dreiv han Sosialistisk Studentlag, med debattar og studiesirklar. På Landbrukshøgskolen var fokuset og interessa retta mot samspelet mellom miljø og menneske, regionalt, nasjonalt og globalt. Ikkje minst var utradisjonelle økonomar som Sigmund Borgan og Fritz Holte med på å forme den unge vitskapsmannen Ottar Brox. Og sjølv sagt i det Brox sjølv har sagt, «endelause diskusjonar» med venen, historikaren Kåre Lunden.

Etter hovudfaget i bygdesosiologi var han i ferd med å bygge seg ein akademisk karriere innafor historie og landbruksfag. Typisk var temaet for hovudoppgåva hans «Norsk landbrukspresse fram til om lag 1840».¹⁰ Og den første jobben han fekk, etter eksamen på Ås, var å systematisere arkivet etter ein bondelagshøvding. Evna til å skrive for eit større publikum utvikla han vidare gjennom eit engasjement som journalist i avisa Nationen.

Men så skjedde det noko som fekk stor betydning for den faglege orienteringa til Brox. Dei unge Ås-forskarane drog ikkje så sjeldan inn til Oslo for fagleg påfyll. I denne perioden tok han også grunnfagseksamen i faga historie og sosiologi ved Universitetet i Oslo. Kunnskapssøket førte nokså tilfeldig til møtet med den framstående sosialantropologen Fredrik Barth ved Etnografisk museum. Møtet med Barth og sosialantropologien fekk stor betydning og bidrog avgjerande til utviklinga av Brox som fagperson. Antropologien kunne tilby noko så spennande som ei avansert faglegheit utvikla i langvarig nærkontakt med «grasrota», gjennom feltarbeid i framande kulturar. Dette fascinerte og inspirerte den enno unge Ottar Brox. Og denne fascinasjonen skulle utvikle seg vidare då Ottar Brox fekk eit engasjement ved Tromsø Museum. Her hadde han møtt antropologen Robert Paine, som i ei årrekke hadde studert sjøsamiske hushald og lokalsamfunn i Nord-Troms og Finnmark.¹¹ Saman blei Barth og Paine svært viktige mentorar for Brox. Då Brox møtte Fredrik Barth tidleg på 1960-talet, hadde Barth etablert seg som ein pioner innafor ein antropologi som hadde fokus på den rasjonelle aktøren og på sosiale prosessar i form av transaksjonar/byte. Dette la han til grunn for forståinga av korleis samfunn blir skapt, utvikla og endra.¹²

Tre viktige lærdomar

Tre viktige lærdomar henta Brox ut av samtalar med Robert Paine og Fredrik Barth: For det første å bruke ein komparativ metode, å føreta systematiske samanlikningar for å forstå korfor lokale samfunn kan få ulik utvikling ut frå tilsynelatande lik utgangsposisjon. Paine oppmoda Brox til å samanlikne utviklinga i nordnorske fiskevær (der det allereie regionalt

¹⁰ Brox 1957.

¹¹ Paine 1965.

¹² Barth 1966, omsett til norsk i Barth 1994: 31–45.

ville vere stor variasjon) med andre nordatlantiske fiskevær, på Newfoundland og på Island.

For det andre kunne sosialantropologane inspirere Brox til i sine studiar å sjå samfunnet nedanfrå, gjennom feltarbeid der forskaren prøver å leve seg inn i vanlege samfunnsmedlemmar («aktørar») sin livssituasjon. Og, i forlenginga av dette, å utvikle eit fokus på menneske forstått som rasjonelle aktørar som opptre i vallsituasjonar. Ikkje så å forstå at den enkelte kan velje fritt, men å ha handlingsvalet – ikkje handlingstvingen – som utgangspunkt for analysen. I handlingsanalysen må forskaren legge vekt på verdiar, motiv og mål, men like viktig: spesifisere dei vilkåra som det handlande individet opptre innafor, eller uttrykt med ein antropologisk fagterm: «opportunitetssituasjonen.» Her inngår ei rekkje faktorar, frå individuelle kjenneteikn til formelle reglar, marknadssituasjon og politiske og økologiske rammevilkår.¹³

Den tredje lærdomen gjekk ut på å sjå samfunnet som bygd opp av transaksjonar og system for transaksjonar, altså byte.¹⁴ Dette var kanskje Fredrik Barth sitt viktigaste bidrag til samfunnsanalysen: at aktørar i samhandling med kvarandre utveksla gode ved at blei einige om verdsettinga av dei. For Barth var det bytet som langt på veg konstituerte samfunnslivet: Ingen enkeltaktør er sjølvforsynt, vi er alle avhengige av bidrag frå andre, og det oppnår vi ved sjølv å bidra. Ergo blir transaksjonen det som definerer samfunnsliv, for å sette Barth sin posisjon på spissen. Men Robert Paine var kritisk til Barth sin «transaksjonalisme». Han publiserte i 1974 *Second Thoughts About Barth's Models*, der han argumenterte for at makt og ulikefordeling mellom aktørar i transaksjon var neglisjert, og at verdsettinga av dei utveksla verdiane kunne avspegle ulik ressurstilgang mellom aktørar.¹⁵ Vidare sette Paine spørsmålsteikn ved Barth si behandling av dei delar av samfunnslivet som er regulert av normer, tradisjonar og institusjonar. Brox tok, så vidt eg kan sjå, ikkje stilling til Paine sin kritikk av Barth, og i den grunnleggjande samfunnsanalysen baserte han seg på Barth sine modellar.

Desse lærdommane – samanliknande studiar gjennom djuptgåande, ofte langvarige, feltarbeid, innanfrå/nedanfrå-perspektivet og ideen om den handlande aktøren i transaksjon – passa som hand i hanske til det den unge forskaren var opptatt av. Men ein ting er å bli inspirert av nye tenke- og analysemåtar gjennom rettleiarar og internasjonal faglitteratur. Noko

¹³ Brox 1970: 9.

¹⁴ Barth 1966.

¹⁵ Paine 1974.

anna, og spesielt for Brox, var at han såg at han kunne kombinere den antropologiske analysen med eit tilbakeblikk på oppveksten i eit fiskarbondesamfunn, og dermed utvikle ei unik form for fagleg innsikt. Slik sett utvikla Ottar Brox seg til å bli *ein organisk intellektuell*, ein som solidariserste seg med sitt opphav, for å låne eit uttrykk frå den italienske politiske filosofen Antonio Gramsci.¹⁶ Eller kanskje heller som ein tverrfagleg, *fri intellektuell*, mest utan bindingar?¹⁷ Ei blanding av dei to karakteristikkane trur eg er det som treff best.

Plankritikken – og premissa for den

I Ottar Brox si faglege utvikling er vi no komne til tidleg 1960-tal. Ottar Brox får ei rekkje akademiske engasjement ved Tromsø Museum og ved Landbrukshøgskolen på Ås. Opparbeiding av fagleg kompetanse og samarbeid med kollegaer ved Tromsø Museum fører til slutt til stipend frå Forskningsrådet. Men det er ikkje til eit prosjekt for å studere fiskarbondesamfunnet, men eit prosjekt der Brox vil nytte sin spesielle faglege plattform for å evaluere den nyleg avslutta statlege planinnsatsen for Nord-Norge, Utbyggingsprogrammet 1952–1960, omtalt som Nord-Norge-planen. Brox går no, med støtte frå Norges Forskningsråd, i gang med ein studie av effektar av statleg politikk på det bygdesamfunnet og dei driftsformene han kjente så godt frå oppveksten.

Brox hadde eit utkast med kritikk av Nord-Norge-planen ferdig i 1964 og sende det til Fredrik Barth, i håp om at den faglege nestoren ville gi eit klarsignal slik at dette utkastet kunne danne grunnlag for ei doktorgradsavhandling i sosialantropologi. Men Barth meinte at arbeidet til Brox var for polemisk til å kunne presenterast som ei vitenskapleg avhandling. Med den tilbakemeldinga bestemte Brox seg for å gi ut ei debattbok. Han fjerna dei faglege referansane til sosialantropologien og supplerte kritikken av Nord-Norge-planen med ei fyldig skisse (50 boksider) til ein alternativ plan.¹⁸ Boka *Hva skjer i Nord-Norge?* blei ikkje lansert som ei vitenskapleg avhandling, og i boka sitt siste kapittel utvikla Brox ei oppskrift på korleis

¹⁶ Karakteristikken av Ottar Brox som «organisk intellektuell» har eg frå Bernt Hagtvat, i eit innlegg på Høstseminaret i samfunnsplanlegging, UiT, i 1996.

¹⁷ Karakteristikken «fri intellektuell» har eg frå Hans Pedersen, i ein kommenteringssamtale, februar 2026.

¹⁸ Brox 1966: 128–178.

politiske aktørar, gjennom ein raudgrøn alliansepolitikk, kunne utverke politisk endring.¹⁹

Ottar Brox var ikkje aleine om å vurdere Nord-Norge-planen kritisk. Allereie i 1964 hadde den kanadiske økonomen Scott Wood ferdigstilt ein analyse av Nord-Norge-planen sine verknader, utgitt ved Christian Michelsens Institutt i Bergen. Scott Wood konkluderte med at planen delvis hadde oppnådd måla som blei sett i 1951. Wood gjennomførte ein klassisk, kvantitativt basert analyse av planen og kva den hadde oppnådd, utan ei kritisk drøfting av premissa for den. Sjølv sagt, fordi dei premissa planen var tufta på, var 100 prosent i samsvar med økonomifaget sine tilrådingar. Ein slik analyse kan ein økonom føreta med tilgang til data frå Statistisk sentralbyrå, utan at hen har sett sin fot i Nord-Norge.

Det er på denne bakgrunnen vi kan vurdere Brox sin kritikk av Nord-Norge-planen: Brox godtar ikkje premissa for dette planarbeidet. Planen er konsipert og utarbeidd av statlege ekspertar og byråkratar, og planarbeidet har på ingen måte vore under kontroll av dei det blir planlagt for – den nordnorske befolkninga. Men mangelen på folkeleg og nordnorsk deltaking er ikkje ein hovudpremiss for Brox sin kritikk, den går på det han oppfattar som kunnskapsmessige manglar og skeivskapar hos planleggarane: Planleggarane ser landsdelen som samansett av økonomiske sektorar. Når planleggarane tar for seg fiske, fiskeindustri, jordbruk, bergverk, industri og tenesteyting, oppdagar dei strukturelle og økonomiske problem i kvar enkelt sektor. Mot dette sektorperspektivet hevda Brox at landsdelen må sjåast som samansett av lokalsamfunn, stader som folk opplever tilhøyrslse til, og der dei har utvikla sine småskala næringstiltak (hushald, bedrifter) med basis i dei lokale naturressursane, dei erfaringsbaserte kunnskapane, den teknologien og den arbeidskrafta dei har opparbeidd tilgang til.

Når Nord-Norge-planen ikkje er basert på, eller i det minste inkluderer dei territorielle og økologiske perspektiva, risikerer planlegginga å gi eit resultat som etter Brox si oppfatning blir meir til skade enn til gagn for (bygde)folk i Nord-Norge. Men ein mislukka plan for bygdeutvikling vil også skape større pressproblem i byane.

Vidare peikar Brox på den implisitte eller løynde nedvurderinga av den nordnorske befolkninga og dei mange utøvarane i det nordnorske bygdenæringslivet. I sør blir Nord-Norge av mange sett på som eit ekso-

¹⁹ Ei nærare beskriving av oppbygging og innhald i boka blir gitt av Hersoug og Arbo i kapittel 4.

tisk «Spennings land»,²⁰ folkesett av «enkle» menneske, altså folk som er blitt hengende etter, ute av stand til å innrette seg rasjonelt. I tråd med tradisjon og kultur reproducerer dei livs- og produksjonsformer som dei per 1950 burde ha forlate til fordel for deltaking i eit modernisert samfunns- og produksjonsliv.

Vi kan snakke om eit kolonialt blikk her – praktisert av den velutdanna, urbane eliten som, om ikkje på kontoret, så iallfall i selskapslivet, gir uttrykk for ei nedlatande haldning til sine medborgarar i den geografiske periferien. Mot dette synet framstiller Brox den nordnorske bygdebefolkninga som rasjonelle aktørar, i stand til å vurdere konsekvensane for dei sjølve og familien av dei vala dei føretar, når det gjeld kor dei vil busette seg, og korleis dei vil innrette sine næringsaktivitetar.²¹ Her skal vi legge merke til at Brox på ingen måte romantiserer livet som fiskarbondede i det nordnorske kystlandskapet. Det er heller ikkje nedvurderinga av ein norsk eller sjøsamisk kystkultur Brox reagerer mot. Han reagerer mot at det økonomiske grunnlaget for sjølvstendige produksjonseiningar blir undergraven gjennom statleg planlegging, og at ein dermed risikerer også å undergrave det økologiske grunnlaget for rike og evigvarande marine ressursar langs ein svært så langstrekt kyst.

Men Brox sin kritikk blei i første omgang i liten grad forstått. I biografien over dåverande handelsminister Erik Brofoss, som var sentral i utforminga av Nord-Norge-planen, går det fram at Brofoss ikkje brydde seg om å ta opp debatten med Brox, han var «generelt kritisk til idyllisering av forholdene i det gamle samfunnet».²² Men hos Brox var det ikkje tale om idyllisering: Korleis fiskarbonden «eigentleg hadde det», la Brox seg lite borti. Så lenge den økonomiske fridomen og yrkeskombinasjonar gir folk eit rimeleg bra utcome, ressursane blir forsvarleg røkta og det egalitære preget i lokalsamfunnet blir halde ved lag, er Brox nøgd. Alt det andre – religion, etnisitet, språk, fritidsaktivitetar, organisasjonsliv og familieforhold – treng ikkje politikanane eller forskarane bry seg med å styre eller ha ei meining om; det må vere opp til den enkelte å finne ei djupare meining med tilværet.

Denne «økonomistiske» posisjonen som Brox utviklar i kritikken av Nord-Norge-planen, går igjen i Brox si forskning på fiskevær på

²⁰ Dette er tittelen på Eivind Berggrav si bok frå 1937, utgitt på nytt i 2012 med forord av Ottar Brox.

²¹ Denne kritikken blir utdypa i kapittel 3 (Jentoft) og kapittel 4 (Hersoug og Arbo).

²² Røed 2024: 147.

Newfoundland.²³ På bakgrunn av eit halvt års feltarbeid viser Brox korleis fiskarar med småbåtar set seg imot styresmaktene sine forsøk på å stimulere til fråflytting og overgang til trålfiske. I Canada skjer omstillinga i fiske (og skogsdrift) utan at styresmaktene forsøker å skape ny sysselsetting, for eksempel gjennom offentleg støtte til industrialisering i periferien. Dei som er blitt arbeidslause som følge av rasjonalisering i primærnæringane, blir tilbydt sosialstøtte. Ein politisk aksept av *laissez faire*²⁴ dominerer altså den kanadiske politikken, i kontrast til den norske tradisjonen med statleg støtte til utviklingstiltak i distrikta. Men her kan Brox oppfattast som uklår. Kritikken av Nord-Norge-planen kan lesast som så grunnleggande at Brox heller til at staten bør avstå frå å blande seg inn med for eksempel industrireising og landbasert infrastruktur – men det er noko han implisitt etterlyser i studien av utkantpolitikk i Canada. Brox skreiv i 1971 artikkelen «Moderne skandinavisk planlegging: Verre enn laissez-faire?»²⁵ og må tolkast slik at tiltrua til den sosialdemokratiske staten for hans del er blitt grunnleggande svekka.

Kva med analysen av stat – og kommune?

Når Ottar Brox avviser premissa som ligg til grunn for Nord-Norge-planen, er det i samsvar med Barth sitt sosialantropologiske perspektiv. Planen går heilt på tvers av den teoretiske modellen Brox har utvikla – der utgangspunktet er opportunitetssituasjonen for aktørar i det hushaldsbaserte næringslivet. Dette er ein modell med sju komponentar, som også inkluderer parameter utover hushaldet/aktøren si rekkevidde, men som aktøren tar inn i sin kalkulasjon: Lokal (økonomisk) organisasjon, eksterne faktorar (marknader, finansieringskjelder, næringslovgiving), lokale moglegheiter til å modifisere eksterne faktorar og attraktiviteten ved moglegheiter utanfor lokalsamfunnet.²⁶

Det er ein slåande kontrast mellom Brox si teoretisk reflekterte utvikling av ein analysemodell på aktør/hushaldsnivå og analysen av dei statlege strukturane og dei offentlege innsatsane som gjer seg gjeldande i nærings- og distriktpolitikken på 1950- og 1960-talet. Kva slags oppfatning har

²³ Brox 1972a.

²⁴ *Laissez faire*, «la det skure», er eit uttrykk for ein politikk med minst mogleg inngrep i marknadsprosessar.

²⁵ Publisert i Brox 1972b: 73–78.

²⁶ Brox 1970: 9.

Brox av staten som institusjon og aktør? Korfor blir nærings- og distrikts-politikken så vindskeiv i forhold til dei problema som folk strevar med i distrikta? Kva slags rolle spelar kommunen – kan den forståast mest som avleidd statsmakt eller som ein forvaltar av lokal resistens? Brox har gått i skole hos sosialantropologien for å gripe det lokale nivået med skarpe analytiske reiskapar. Men kva veit vi om hans forhold til politisk analyse og politikkkutvikling? Spørsmålet er relevant å stille, for *Hva skjer i Nord-Norge?* er ingen lokalsamfunnsstudie. Det er ei bok som i all hovudsak handlar om statleg nærings- og distriktspolitikk, konkretisert gjennom Nord-Norge-planen. Det uttrykket som har festa seg ved å lese Brox sin analyse, er «teknokratiet». Kapittel 4 i boka har tittelen «Teknokratiets innmarsj i fiskeripolitikken».²⁷ Men kva som kjenneteiknar teknokratiet, og årsakene til at dette lukkast i sin «innmarsj» i fiskeripolitikken, står det lite om. Teorien om teknokratiet er rett og slett lite utvikla i Brox sin analyse, mens *utslaga* av teknokratisk politikk er analysert med stor presisjon og empirisk-analytisk tyngd. I sluttkapittelet utviklar likevel Brox dikotomien teknokrati mot populisme, der teknokratiet blir tilskrive ei oppfatning av samfunnet som sektorbasert, mens populismen bygger si samfunnsoppfatning på «lokalsamfunn, som igjen er sammensatt av familier».²⁸ Lesaren kan likevel lett sjå at ideen om teknokratisk statsmakt også handlar om ovanfrå-og-ned-politikk, den er ekspertisebasert, men til dels «velmeinande» i sin iver etter å modernisere ein påstått tilbakeliggande landsdel.²⁹

Om teknokratiet er lite teoretisert hos Brox, er framstillinga av basisen for regjeringa Nygaardsvold (1935–1940/1945) sin bygdevenlege politikk langt meir omfattande. Her dreier det seg om å forstå statsmakt som ein prosess med mobilisering nedanfrå, med nominasjon av bygdevenlege arbeidarpartimedlemmar til Stortinget, i ein rett nok prekær allianse med Bondepartiet og med bistand frå dyktige «mot-eksperter». Denne politiske prosessen produserer ei rekkje tiltak som materialiserer seg i råfisklova (1938), støtte til bureising og investeringar i nye driftsmidlar for småskala-landbruk og til sjarkflåten – kort sagt utslag av ei bygdevenleg statsmakt.³⁰ Eit system som legalt og politisk understøttar at mange skal eige sitt pro-

²⁷ Brox 1966: 33–52.

²⁸ Ibid.: 179.

²⁹ I biografien om Erik Brofoss går det tydeleg fram at dåverande handelsminister Brofoss ikkje var «sentralist», men genuint opptatt av utvikling i distrikta, jf. Røed 2024: 197.

³⁰ Andre meiner at Brox har overdrive det systematiske ved Nygaardsvold-regjeringa sin bygdevenlege politikk. I Hersoug og Leonardsen 1976: 18 flg. blir det framheva at Arbeidarpartiet alt på 1930-talet hadde utvikla ein «teknokratisk» politikk med vekt på storindustri, og at Nygaardsvold-politikken best kunne beskrivast som «kortsiktig krisepolitikk».

duksjonsutstyr (for eksempel fiskebåt og traktor), sin jordeigedom og ha haustingsadgang i allmenningen, er kanskje kapitalistisk i streng marxistisk forstand. Brox sin analyse viser likevel at han arbeider ut frå ein teori om stat og samfunn som er inspirert av Knut Dahl Jacobsen og Stein Rokkan. Dette er Brox sine samtidige innan statsvitskapen, forskarar som vektlegg premiss-straumar inn mot statlege avgjerder,³¹ og at det er fleire konflikt-dimensjonar enn arbeid/kapital-motsetninga som driv fram politikken.³² Det er mykje fornuft i Stein Rokkan sitt postulat om at stemmer tel, men ressursar avgjer: Kampane ute i samfunnet mellom organiserte interesser, og kampane om oppslutning partia imellom, kunne få ulike utfall og vil endre tyngdepunktet i den statlege politikken, her spesifikt nærings- og distriktpolitikken.

Måten Brox drøftar «Nygaardsvold-staten» og etterkrigstidas teknokratiske statsmakt på, gjer det nærliggande å karakterisere Ottar Brox si statsoppfatning som ein historisk orientert institusjonalisme. Det vi veit om den tidlege etterkrigstida, då teknokratiet gjorde sitt inntog, er at det ikkje skjedde utan kamp. Og kampen sin kanskje viktigaste arena var vel så mykje innerter i Arbeidarpartiet, som mellom sosialdemokratrar og dei borgarlege partia. Arbeidarpartiet hadde ei betydeleg oppslutning frå småbrukar- og fiskarinteresser i periferien, og desse kjempa lenge mot den teknokratiske politikken.

Men i dette pluralistiske systemet vil Brox ikkje berre framheve teknokratiet, men også kapitalinteressene som stadig vil vere på offensiven ved å spele ut sitt strategiske trumfkort: arbeidsplassane. Trugsmål om nedleggingar/utflytting og forventningar om nye jobbar ved omstridde nye prosjekt er ein gjengangar. Men akkurat her viser Ottar Brox korleis arbeidsfolk har eit mottrekk: Har den jamne kvinne og mann moglegheit til å lage sin eigen jobb, blir det knappleik på arbeidskraft, og då vil makta til kapitalinteressene bli svekka.³³

I 1969 skriv Brox «at staten ikke er noe annet og mer ‘fundamentalt’ enn det som statsorganene faktisk foretar seg. Og de avgjørelsene som tas i statsorganene, bygger på en strøm av premisser fra omgivelsene [...]. Statens ‘karakter’ endres dersom en er i stand til å endre denne premiss-strømmen».³⁴

³¹ Jacobsen 1965.

³² Rokkan 1966.

³³ Sjå kapittel 11 (Røvik og Teigen).

³⁴ Publisert i Brox 1972b: 114.

Dermed meiner Brox at staten ikkje er dømt til å bli verande teknokratisk. Brox sitt perspektiv tilseier at statsmakta er grunnleggande formbar, påverka av dei samfunnsmessige strukturane den opererer under. Samstundes kunne vi etterlyse hos Brox refleksjonar over den kontinuiteten som organiseringa av staten og profesjonane til staten inneber, og som motverkar det formbare ved statsmakta.

Skiftande politiske fleirtal frå 1960-talet av har virka inn på premissa for statlege politikkar og prioriteringar, i tillegg har innverknad frå internasjonale organisasjonar etter kvart gjort seg sterkt gjeldande (FN, NATO, EU/EØS). Men det er altså sparsamt med teoretiske referansar til spørsmålet omkring staten sin skiftande karakter i Brox sin produksjon, her hadde kanskje meir tverrfagleg innsats vore på sin plass.

Så må vi også framheve Ottar Brox sin raudgrøne kongstanke: ei statsmakt som blir leia av ein koalisjon mellom distriktsinteresser og fagrørsla sine parti, det som han i *Hva skjer i Nord-Norge?* introduserte som «den populistiske alliansen»³⁵ – som eit alternativ til den teknokratidominerte staten. Arven frå Nygaardsvold-perioden altså, og lett nostalgisk? Men alleie i boka frå 1966 antyder Brox at EEC-spørsmålet, som først dukka opp i 1961, kunne bli til ein arena for raudgrøn alliansebygging.³⁶ Og han fekk rett: Spørsmålet om norsk medlemskap i EU er eit eksempel på at ei raudgrøn alliansebygging kan få avgjerande betydning: Både folkeavstemmingane i 1972 og i 1994, men også den raudgrøne regjeringa 2005–2013 og motstanden mot kommunesamanslåingar 2014–2017, vitnar om slagkrafta til alliansen mellom venstrepolitiske parti og sentrumsparti, understøtta av eit sterkt engasjement på grasrota.

Til sist om kommunane si rolle i offentleg politikk: Om vi kan rekonstruere ei statsoppfatning hos Brox som i store trekk samsvarar med Stein Rokkan si tenking om makt, sentrum og periferi, så var Brox i altfor liten grad opptatt av å analysere den mest folkenære og territorielle sida ved statsmakta, nemleg kommunane. Det er eit paradoks at Brox ikkje engasjerte seg sterkare i analysen av den kommunale velferdspolitiske ekspansjonen i distrikta og i politikk for lokal næringsutvikling, noko som norske distriktskommunar systematisk har drive med, heilt sidan 1970-talet.³⁷ Rett nok var Brox inne på den potensielle betydninga norske kommunar

³⁵ Brox 1966: 187.

³⁶ Ibid.

³⁷ Larsen og Aarsæther 1985.

kunne ha for bygdeutvikling,³⁸ men han følgde aldri dette opp i sitt forskingsengasjement. Kan forklaringa vere denne: I intervjuet med Halvard Vike seier Ottar Brox: «Det interessante organisatoriske nivået for meg på 1960-tallet var hushold, mens det for dagens regionalforskere ser ut til å være kommunen, som nesten ikke eksisterte den gang.»³⁹

Kanskje kan vi konkludere dette avsnittet slik: Brox sitt Rokkan-inspirerte grep om offentlig politikk var, paradoksalt nok, betre utvikla når det gjaldt analysen av maktforhold på det sentrale nivået, enn hans forståing av betydninga av det lokale sjølvstyret for utviklinga i Distrikts-Norge.⁴⁰

Ein teori om Ottar Brox sin faglegheit: Frå Bergen til Tromsø

Dette kapittelet har handla om Ottar Brox sine formative år. Eg har først tatt for meg oppvekst, ungdomstid, studiar og ein nærast nomadisk periode med pendling mellom Tromsø og Ås/Oslo. Så kjem ein fase med samanliknande studiar, der Brox tar oppmodinga frå Robert Paine på alvor og gjennomfører feltarbeid i nordatlantiske fiskerisamfunn.

Etter denne perioden får Brox tilsetting som amanuensis ved Sosialantropologisk institutt ved Universitetet i Bergen, der han verkar i perioden 1968–1972. Stillinga er i regionalvitskap, og jobben går mellom anna ut på å drive det tverrfaglege «regionalseminaret», der framstående fagfolk frå sosiologi, filosofi, antropologi, økonomi, geografi og statsvitskap legg fram sine perspektiv og forskingsfunn. Her får Brox til fulle vist kva tverrfagleg samfunnsforskning dreier seg om, med eit regionalt fokus. Bergensperioden blir også ei førebuing av den samfunnsfaglege organiseringa ved det komande Universitetet i Tromsø, der Brox hausten 1972 tiltrer som professor og leiar av forskingsgruppa «samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning». Namnet på forskingsgruppa kan seiast å uttrykke Ottar Brox sin faglege kjerne, det å samanstillе og integrere kunnskap om «samfunn» og «det offentlege», i ein regional/geografisk kontekst. Dette betyr så avgjort tverrfaglegheit, men samtidig respekt for dei disiplinane som kan bidra til å danne ein fagleg heilskap: Statsvitskap for å forstå det offentlege, sosialantropologi for å forstå nærings- og dagleglivet, sosiologien for å for-

³⁸ Brox 1970: 16–17.

³⁹ Vike 2012: 57.

⁴⁰ Aarsæther 2024.

stå ulikskap og det utilsikta, historie for å forstå samfunnsending, økonomi for å forstå fordeling og verdiskaping, geografi for å forstå regionalt og lokalt samspel, landbruksfag for å forstå betydninga av det dyrka landskapet og økologi for å forstå samspelet mellom naturgrunnlag og menneskesamfunn. Eit av dei siste fyndorda Ottar Brox formulerte, uttrykker den kreative bruken av fag på tvers: «Fordi vi hadde eit så dårleg landbruk her i landet, fekk vi eit så godt demokrati.»⁴¹

Då Brox i 1973 forlét Universitetet i Tromsø for å bli stortingsrepresentant, fekk studentar, stipendiatar og universitetslektorar frie tyglar til sjølve å praktisere og vidareutvikle den faglegheita Brox hadde lagt grunnlag for. Det skjedde ved det tverrfaglege Institutt for samfunnsvitskap, men Ottar Brox var altså borte, i fire viktige år. Grunnlaget var likevel lagt for at motiverte studentar og fagpersonalet kunne jobbe vidare med ein praktisk retta samfunnsanalyse, med fokus på nordnorske ressursar og lokalsamfunn, i fortid, samtid og framtid. Samtidig var det motkrefter på gang: Ideen om det tverrfaglege, slik den blei forsøkt utforma innan samfunnsfag og ved den nye Norges Fiskerihøgskole, blei utfordra av forkjemparar for dei akademiske disiplinane. Frå 1980-talet av blei dei fleste tverrfaglege studietilboda avvikla ved Universitetet i Tromsø. Ideen om det nordnorske universitetet blei langt på veg forlate, til fordel for ideen om eit universitet (lokalisert) i Nord-Norge.⁴²

Historia om Ottar Brox sin faglegheit endar ikkje her. Etter stortingsperioden kom han tilbake til Universitetet i Tromsø. Her sette han i gang prosjektet Regionale integrasjonsprosesser i Nord-Norge, der han formulerte «konsolideringshypotesen» anvendt på endringar i, og stabilisering av, busettingsmønsteret.⁴³ Finnmarksprosjektet var eit anna, stort prosjekt han initierte, før han midt på 1980-talet søkte seg til Oslo. Her tok han opp nye forskingstema, særleg knytt til arbeidsinnvandring,⁴⁴ men også til grunnrenteproblematikk og forvaltning i fiskerinæringa.⁴⁵

Gjennom sine formative år utvikla Ottar Brox ein unik form for faglegheit, som vanskeleg lar seg framstille i kortform. Men her kom han oss til hjelp, for mykje av det han stod for, fagleg, samanfatta han i læreboka *Praktisk samfunnsvitenskap*, utgitt i 1989. Her tydeleggjer han sine meto-

⁴¹ Pedersen og Aarsæther 2023: 175.

⁴² Sjø Fulsås 1993: 310–314, Aarsæther 2024: 79–102.

⁴³ Sjø bidraget frå Jan Einar Reiersen, kap. 5.

⁴⁴ Sjø Hallvard Tjelmeland sitt kapittel om Brox som innvandringsforskar.

⁴⁵ Sjø Nilsen mfl. 2023.

diske, teoretiske og formidlingsmessige posisjonar. I kapittelet «Hvorfor prosessanalyse?» refererer han frå ein samtale med Fredrik Barth, der Barth avsluttar ei argumentasjonsrekke med: «Derfor må du begynne med å identifisere handlende enheter. Finn aktører!»⁴⁶ Denne fyndige formuleringa har Brox lojalt følgt opp, men den blir modifisert av tilkjennegevinga av at metodisk individualisme ikkje inneber at ein «stenger seg for studiet av de massive makroprosesser som foregår i samfunnet». Forankringa i Barth sin analysemåte har utan tvil prega Brox sine formative år. Men like viktig har Brox sin innsats for tverrfagleg forskning vore, og det ikkje utan effekt: Sidan 1990-talet har fleir- og tverrfaglegheit atter kome på offensi-ven i forskingsverda. Den kreative og handlingsretta koplinga av fag som vi langt på veg kan takke Ottar Brox for, har vist seg svært så produktiv, utfordrande – og inspirerende.

Referansar

- Barth, F. (1966). *Models of Social Organizations*. Occasional Paper nr. 23. Glasgow: Royal Anthropological Institute.
- Barth, F. (1994). *Manifestasjon og prosess*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Berggrav, E. (2012). *Spenningens land*. Stamsund: Orkana forlag.
- Brox, O. (1957). *Norsk landbrukspresse fram til om lag 1840*. Hovudoppgåve. Ås: Norges landbrukshøgskole.
- Brox, O. (1966). *Hva skjer i Nord-Norge? En studie i norsk utkantpolitikk*. Oslo: Pax Forlag.
- Brox, O. (1970). *Sosiale endringer i marginale bygdesamfunn: En komparativ analyse*. Prøveforelesning til lisensiatgraden i bygdesosiologi. Ås: Norges landbrukshøgskole.
- Brox, O. (1972a). *Newfoundland Fishermen in the Age of Industry*. St. Johns: Institute of Social and Economic Research, Memorial University of Newfoundland.
- Brox, O. (1972b). *Politikk. Bidrag til en populistisk argumentasjon*. Oslo: Pax Forlag.
- Brox, O. (1989). *Praktisk samfunnsvitenskap*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fulsås, N. (1993). *Universitetet i Tromsø 25 år*. Tromsø: Universitetet i Tromsø.
- Hersoug, B. og Leonardsen, D. (1976). *Bygger de landet?* Oslo: Pax Forlag.

⁴⁶ Brox 1989: 63.

- Holm, P. (1996). Kan torsken temmes? Moderniseringsprosesser i fiskerinæringa 1935–1995, 109–142. I Eriksen, O.E. (red.): *Det nye Nord-Norge. Avhengighet og modernisering i nord*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Jacobsen, K.D. (1965). Informasjonstilgang og likebehandling i den offentlige forvaltning, 147–160. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, nr. 2.
- Larsen, H.O. og Aarsæther, N. (red.) (1985). *Kommunalt tiltaksarbeid*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Mjøset, L. (2017). Hedersprisen 2000 – Ottar Brox. *Norsk sosiologforening*, publisert 22. februar 2017.
- Naustdal, J. (red.) (2003). *Den sikre tvilen. Festskrift til Ottar Brox*. Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning.
- Nilsen, R., Reiersen, J.E. og Aarsæther, N. (red.) (1982). *Folkemakt og regional utvikling. Til Ottar Brox' 50-årsdag*. Oslo: Pax Forlag.
- Nilsen, R.E., Brox, O., Eythorsson, E. og Jentoft, S. (red.) (2023). *Allmenningsressurser i nord – fellesskap og grunnrente*. Stamsund: Orkana Akademisk.
- Paine, R. (1965). *Coast Lapp Society II*. Tromsø–Oslo–Bergen: Universitetsforlaget.
- Paine, R. (1974). *Second Thoughts About Barth's Models*. Occasional Paper nr. 32. London: Royal Anthropological Institute.
- Pedersen, H. og Aarsæther, N. (2023). Intervju med Ottar Brox våren 2022, 159–177. I Aarsæther, N., Oltedal, A., Botnen, I. og Ramsdal, H. (red.): *Venstrepopulisme? JA!* Oslo: Novus forlag.
- Rokkan, S. (1966). Norway: Numerical Democracy and Corporate Pluralism, 89–115. I Dahl, R. (red.): *Political Opposition in Western Democracies*. New Haven: Yale University Press.
- Røed, H. (2024). *Erik Brofoss. Strateg og samfunnsbygger*. Oslo: Gyldendal.
- Slagstad, R. (1998). *De nasjonale strateger*. Oslo: Pax Forlag.
- Vike, H. (2010). Dialektikeren fra Senja: Et intervju med Ottar Brox, 46–59. *Norsk antropologisk tidsskrift*, årg. 21, nr. 1.
- Aarsæther, N. (red.) (2024). *Samfunnsplanlegging gjennom 50 år. Tverrfagleg utdanning for lokal og regional utvikling*. Septentrio Reports (24) 2.
<https://doi.org/10.7557/st.2024.2>
- Aarsæther, N. (2024). Kommunen som ankerfeste i Distrikts-Norge, 25–35. *Samfunn & økonomi*, nr. 2.